



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer:	976 013 263
Organisasjonsform:	Stiftelse
Foretaksnavn:	NYNORSK KULTURSENTRUM, MUSEA FOR SKRIFTKULTUR
Forretningsadresse:	Indrehovdevegen 176 6160 HOVDEBYGDA

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2021 - 31.12.2021
-------------------------	-------------------------

### Konsern

Morselskap i konsern:	Nei
-----------------------	-----

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Gaute Øvereng
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	30.06.2022

### Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 25.07.2023



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Sal av varer		1 414 740	1 146 322
Tilskot frå Kulturdep. o.a.	1	34 191 462	31 268 997
Billettsal		952 604	454 875
Sponsorinntekter og annonser		13 950	46 780
Andre inntekter		106 785	47 285
<b>Sum inntekter</b>		<b>36 679 541</b>	<b>32 964 259</b>
<b>Kostnader</b>			
Varekostnad		1 154 301	793 087
Lønskostnader m.m.	2	19 128 065	17 934 293
Ordinære avskrivningar	3	615 828	698 098
Leigekostnadar		991 232	433 875
Utstyr og driftsmateriell, straum		1 443 369	1 823 808
Reparasjonar og vedlikehald		652 890	626 231
Reise/opphald		1 776 848	644 079
Honorar	2	5 319 468	5 740 990
Marknadsføring		1 124 717	807 166
Ymse kontorkostnader/porto m.m.		1 613 800	1 338 304
Andre driftskostnadar		1 401 740	589 904
<b>Sum kostnader</b>		<b>35 222 259</b>	<b>31 429 835</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>1 457 282</b>	<b>1 534 424</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		113 266	152 437
Annan Finansinntekt		70	
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>113 336</b>	<b>152 437</b>
Annan rentekostnad		3 656	819
Annan finanskostnad		627	
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>4 282</b>	<b>819</b>
<b>Netto finans</b>		<b>109 054</b>	<b>151 618</b>



## Resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>1 566 336</b>	<b>1 686 042</b>
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>1 566 336</b>	<b>1 686 042</b>
<b>Årsresultat</b>	4	<b>1 566 336</b>	<b>1 686 042</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>1 566 336</b>	<b>1 686 042</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>1 566 336</b>	<b>1 686 042</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Udekt tap	4	1 050 000	1 460 000
Overføringer annan egenkapital	4	516 336	226 042
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>		<b>1 566 336</b>	<b>1 686 042</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Utekafè, -scene, stabbur og ny veg	3	1 979 341	2 209 551
Inventar og utstyr	3	1 271 982	1 073 031
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>3 251 323</b>	<b>3 282 582</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>3 251 323</b>	<b>3 282 582</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Sum varer</b>	5	<b>1 163 414</b>	<b>1 116 666</b>
<b>Krav</b>			
Kundar	6	326 085	175 881
Andre krav	6	408 912	668 485
<b>Sum krav</b>		<b>734 997</b>	<b>844 366</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bank, kasse		11 200 974	15 035 262
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>11 200 974</b>	<b>15 035 262</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>13 099 385</b>	<b>16 996 294</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>16 350 708</b>	<b>20 278 876</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Grunnfond	4	270 000	270 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>270 000</b>	<b>270 000</b>



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
<b>Opptent egenkapital</b>			
Avsetjing for framtidige kostnader	4	3 578 970	3 338 970
Annan egenkapital	4	5 649 421	5 133 085
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>9 228 391</b>	<b>8 472 055</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>9 498 391</b>	<b>8 742 055</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Sertifikatlån	5		
Leverandørgjeld		1 436 012	1 471 130
Trekk og offentlige avgifter		1 309 572	1 332 164
Påkomne kostnader		1 840 835	1 581 539
Periodiserte tilskot		2 265 899	7 151 988
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>6 852 317</b>	<b>11 536 821</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>6 852 317</b>	<b>11 536 821</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>16 350 708</b>	<b>20 278 876</b>



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2022 811208

**Enheten**

Organisasjonsnummer: 976 013 263  
Organisasjonsform: Stiftelse  
Foretaksnavn: NYNORSK KULTURSENTRUM, MUSEA FOR SKRIFTKULTUR  
Forretningsadresse: Indrehovdevegen 176  
6160 HOVDEBYGDA

**Regnskapsår**

Årsregnskapets periode: 01.01.2021 - 31.12.2021

**Konsern**

Morselskap i konsern: Nei

**Regnskapsregler**

Regler for små foretak benyttet: Ja  
Benyttet ved utarbeidelsen av  
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

**Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ**

Bekreftet av representant for selskapet: Gaute Øvereng  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 30.06.2022

**Grunnlag for avgivelse**

År 2021: Årsregnskap er elektronisk innlevert.  
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021.

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 06.08.2022



Organisasjonsnr: 976 013 263  
NYNORSK KULTURSENTRUM, MUSEA FOR  
SKRIFTKULTUR

## RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Sal av varer		1 414 740	1 146 322
Tilskot frå Kulturdep. o.a. 1		34 191 462	31 268 997
Billettsal		952 604	454 875
Sponsorinntekter og annonser		13 950	46 780
Andre inntekter		106 785	47 285
<b>Sum inntekter</b>		<b>36 679 541</b>	<b>32 964 259</b>
<b>Kostnader</b>			
Varekostnad		1 154 301	793 087
Lønskostnader m.m. 2		19 128 065	17 934 293
Ordinære avskrivningar 3		615 828	698 098
Leigekostnader		991 232	433 875
Utstyr og driftsmateriell, straum		1 443 369	1 823 808
Reparasjonar og vedlikehald		652 890	626 231
Reise/opphald		1 776 848	644 079
Honorar 2		5 319 468	5 740 990
Marknadsføring		1 124 717	807 166
Ymse kontorkostnader/ porto m.m.		1 613 800	1 338 304
Andre driftskostnader		1 401 740	589 904
<b>Sum kostnader</b>		<b>35 222 259</b>	<b>31 429 835</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>1 457 282</b>	<b>1 534 424</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		113 266	152 437
Annan Finansinntekt		70	
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>113 336</b>	<b>152 437</b>
Annan rentekostnad		3 656	819
Annan finanskostnad		627	
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>4 282</b>	<b>819</b>
<b>Netto finans</b>		<b>109 054</b>	<b>151 618</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>1 566 336</b>	<b>1 686 042</b>
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>1 566 336</b>	<b>1 686 042</b>
<b>Årsresultat</b>	4	<b>1 566 336</b>	<b>1 686 042</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>1 566 336</b>	<b>1 686 042</b>



<b>Totalresultat</b>		<b>1 566 336</b>	<b>1 686 042</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Udekt tap	4	1 050 000	1 460 000
Overføringer annan eigenkapital	4	516 336	226 042
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>		<b>1 566 336</b>	<b>1 686 042</b>



Organisasjonsnr: 976 013 263  
NYNORSK KULTURSENTRUM, MUSEA FOR  
SKRIFTKULTUR

## BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Utekafe, -scene, stabbur og ny veg	3	1 979 341	2 209 551
Inventar og utstyr	3	1 271 982	1 073 031
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>3 251 323</b>	<b>3 282 582</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>3 251 323</b>	<b>3 282 582</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Sum varer</b>	5	<b>1 163 414</b>	<b>1 116 666</b>
<b>Krav</b>			
Kundar	6	326 085	175 881
Andre krav	6	408 912	668 485
<b>Sum krav</b>		<b>734 997</b>	<b>844 366</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bank, kasse		11 200 974	15 035 262
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>11 200 974</b>	<b>15 035 262</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>13 099 385</b>	<b>16 996 294</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>16 350 708</b>	<b>20 278 876</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Grunnfond	4	270 000	270 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>270 000</b>	<b>270 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Avsetjing for framtidige kostnader	4	3 578 970	3 338 970
Annan eigenkapital	4	5 649 421	5 133 085
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>9 228 391</b>	<b>8 472 055</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>9 498 391</b>	<b>8 742 055</b>



<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Sertifikatlån	5		
Leverandørgjeld		1 436 012	1 471 130
Trekk og offentlige avgifter		1 309 572	1 332 164
Påkomme kostnader		1 840 835	1 581 539
Periodiserte tilskot		2 265 899	7 151 988
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>6 852 317</b>	<b>11 536 821</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>6 852 317</b>	<b>11 536 821</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>16 350 708</b>	<b>20 278 876</b>



Organisasjonsnr: 976 013 263  
NYNORSK KULTURSENTRUM, MUSEA FOR  
SKRIFTKULTUR

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note

Tal på aksjar og aksjeeigarar

Note

Antall årsverk i regnskapsåret

Verksemda har hatt følgjende tal på årsverk:  
5.00


Omløpsmiddel                      Startdato      Sluttdato      Endring

Skattemessig fremf.undersk. Startdato      Sluttdato      Endring

Kortsiktig gjeld                      Startdato      Sluttdato      Endring



# ÅRSMELDING 2021





29	
30	Organisasjon
31	Strategiske mål fram
32	Året som gjekk – biletkavalkade
35	Resultatrekneskap
36	Balanse
38	Notar
40	Revisormelding

**FOTO**

André Hustoft Nesheim – side 1, 9, 33  
Jørgen Gommæs, Det kongelige hoff – side 5  
Hans Jørgen Brun – side 20  
Simon Sjøkvist – side 23, 32

Arturas Gailius – side 25  
Tone Tveit – side 27  
Nynorsk kultursentrum – side 4, 5, 9, 15, 19,  
20, 22, 23, 24, 25, 26, 27, 31, 32, 33



## 3

### NYNORSK KULTURSENTRUM, MUSEA FOR SKRIFTKULTUR

Skipa 31. august 1993

Organisasjonsnummer 976 013 263

Direktør Per Magnus F. Sandsmark (1.1.–17.4.)

Fung. direktør Gaute Øvereng (17.4.–31.12.)

### ARENAER

Aasentunet – Indrehovdevegen 176, 6160 Hovdebygda

Haugesenteret – Promenaden 7, 5730 Ulvik

Vinjesenteret – Vinjevegen 1441, 3890 Vinje

### STYRET 2021

Namn	Rolle	Oppnemd av	Periode
Lodve Solholm	leiar	Kulturdepartementet	25.2.2014–31.12.2021
Amela Koluder	nestleiar	Kulturdepartementet	1.4.2020–31.3.2024
Hilde Løkensgard Bjørnsvik	medlem	Kulturdepartementet	27.2.2018–31.12.2021
Sæbjørn Forberg	medlem	Kulturdepartementet	1.4.2020–31.3.2024
Janne Nygård	medlem	Rådet	27.2.2018–31.3.2022
Lars Kvestad	medlem	Rådet	3.12.2020–31.3.2024
Siri Beate Gjerde	medlem	dei tilsette	27.2.2018–31.3.2022

Styret har hatt åtte møte og behandla 52 saker.

#### Varamedlemmer for

##### Kulturdepartementet

1. Bjørn Lødemel (27.2.2018–31.12.2021)

2. Sven-Roald Nystø (27.2.2018–31.12.2021)

##### Varamedlem for rådet

Ellen Skodjevåg Bø (1.4.2020–31.3.2024)

#### Varamedlem for dei tilsette

Stein A. Hevrøy (1.4.2020–31.3.2022)

#### Rådsordførar

Per Halse – Høgskulen i Volda (2017–2021)

Vara: Hege Lothe – Vestland fylkeskommune (2015–2022)

### STIFTARAR OG PARTNARAR 2021

- Høgskulen i Volda
- Høgskulen på Vestlandet
- Lands-samanslutninga av nynorsk-kommunar
- Litteraturselskapet Det Norske Samlaget
- Lutlaget Det Norske Teatret
- Musea på Sunnmøre/Viti
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Møreforskning
- Noregs Mållag
- Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
- Noregs Ungdomslag
- Rogaland fylkeskommune
- Stiftinga Møre folkehøgskule
- Ulvik herad
- Universitetet i Bergen
- Universitetet i Oslo
- Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet
- Vestfold og Telemark fylkeskommune
- Vestland fylkeskommune
- Vestmannalaget
- Vinje kommune
- Volda kommune
- Ørsta kommune

### FØREMÅLSPARAGRAF I VEDTEKTENE

Namnet på organisasjonen er Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur. Det engelske namnet er The Norwegian Museum of Written Culture.

Hovudsetet er i Ørsta.

Den ideelle stiftinga arbeider for nynorsk skriftkultur. Med utgangspunkt i føremålet skal stiftinga drive vitenskapleg og kulturfagleg aktivitet som aukar kunnskapen og medvitet om nynorsk skriftkultur nasjonalt og internasjonalt. Det gjer museet gjennom dokumentasjon, forvaltning, forskning, formidling, fornying og politisk påverknadsarbeid.

Stiftinga kan drive og ta opp i seg museum og vitesenter, digitale tenester og andre vitenskaplege og kulturfaglege tiltak som er med og oppfyller føremålet.

Med utgangspunkt i føremålet skal stiftinga samarbeide nasjonalt og internasjonalt med vitenskaplege og kulturfaglege institusjonar

Stiftinga skal arbeide i tråd med ICOMs museumsetiske regelverk.

### GRUNNDOKUMENT

Vedtekter (26.2.2021), strategisk plan (3.12.2019), strategisk personalplan (3.12.2020), klimastrategi (26.8.2021) og langtidspanar for arenautvikling (10.6.2021), digitalformidling (10.6.2021), turné og utstilling (10.6.2021), kommunikasjon (11.6.2020), samling (1.4.2020), forskning (1.4.2020) og sikring (1.4.2020).

DIREKTØREN HAR ORDET

## DØRER HAR OPNA SEG

**Ved inngangen til 2021 hadde Nynorsk kultursentrum tre arenaer og to faste utstillinger. I august kunne vi opne den tredje faste utstillinga ved Vinjesenteret i Vinje kommune.**



Ørsta, 25. februar 2022

Gaute Øvereng,  
Fung. direktør i Nynorsk kultursentrum

Eit uforpliktande møte i Vinje i 2011 sette i gang prosessen som førte til at Vinjesenteret for diktning og journalistikk kunne opne utstillinga i 2021. Med utgangspunkt i liva og verka til fire markante diktarar og journalistar, utforskar utstillinga spenninga mellom fakta og fantasi, det verkelege og det oppdikta. Vi er svært takksame for det gode samarbeidet med Vinje kommune, som har vore heilt avgjerande for å få dette til.

Utstillingsprodusenten SixSides blåste liv i ideane frå utstillingsgruppa, tilsette og alle eksterne bidragsytarar, og vi er svært stolte over resultatet. – Det er så fint å gå her. Eg blir så rørt at eg berre vil grine, sa ein av over 600 gjester som gjekk gjennom utstillinga opningshelga. Målet vidare er at arbeidet vi gjer ved Vinjesenteret, både skal røre, opplyse og innimellom også provosere mange fleire gjester med utstillingar, arrangement og andre opplevingar i åra som kjem.

I eit år der restriksjonar har vore ein naturleg del av kvardagen, har vi utvida flatene våre både fysisk og digitalt, og utvida kontaktflatene til andre både geografisk og relasjonelt. 2021 er det første heile året der Nynorsk kultursentrum var ein engasjert bidragsytar til Store Norske Leksikon.

Etter samanslåinga av Allkunne og SNL i 2020 var ei av hovudoppgåvene for 2021 å overføre artiklar frå Allkunne til SNL. Nokre overførte vi som dei var, andre blei omskrive, og dei fleste blei samskrive med tidlegare bokmålsartiklar i SNL. Dette førte til 1189 nye nynorskartiklar i det mest brukte norske oppslagsverket, og var eit viktig bidrag til at det blei lese heile 1 969 840 nynorskartiklar på SNL i 2021. Slik får lesande og skrivande i heile landet tilgang til meir nynorsk.

Andre prosjekt har òg blitt sett i gang dette året, men desse kom ikkje lenger enn til startgropa i 2021. Til dømes vart det sett i gang eit samarbeidsprosjekt med andre språkmuseum og -institusjonar som slik som Nynorsk kultursentrum arbeider med språk som er i mindretal. Saman kan vi gjere desse språka meir synlege, og vise fram meir av det språklege mangfaldet i Noreg. Sjølv om prosjektet ikkje har fått finansering eller er kome skikkeleg i gang, har vi alt fått meir kunnskap om dei andre offisielle mindretalsspråka i Noreg, norsk teiknspråk, nordsamisk, sørsamisk, lulesamisk, kvensk, romani og romanes. Dette tek vi med oss vidare i arbeidet vårt.



2021 var også året der vi var synlege i heile 89 kommunar gjennom arrangement, utstillingar og skuleturnear. Dette var i tråd med strategien vår om å spreie språk, kunnskap og kultur til heile landet. Dette hadde ikkje vore mogleg utan gode samarbeidspartnarar som gir oss høve til å møte fleire nynorskbrukarar, der dei er. Bjørnsonfestivalen i Molde er ein slik sentral samarbeidspartnar i dette arbeidet. Saman har vi turnert med arrangement knytt til Litteraturhus Møre og Romsdal til bibliotek i alle kommunane i fylket. Eit anna døme er dei nynorske pilotbiblioteka i Lom, Hemsedal, Hægebostad og Eiken, Sandnes og ved Skeisvang videregående skole i Haugesund.

Desse tiltaka er nokre døme på det vi gjer for at både nynorskbrukarane og andre språkbrukarar i landet skal få ny kunnskap, og finne ein veg eller våg dei ikkje har visst om.

Årsmelding Nynorsk kultursentrum 2021

## VINJESENTERET

Vinjesenteret opna 27. august 2021. I utstillinga får du mellom anna oppleve at spenninga mellom dikt og sanning både er fruktbar og utfordrande, at diktning kan vere ein inngang til å forstå eit emne, motiv eller tema, at journalistiske metodar kan gi innsikt i ulike sider av samfunnslivet, og at diktninga og journalistikken speglar og formar samfunnet.



## KONGELEG VERNAR

**Nynorsk kultursentrum fekk i april 2021 den gledelege meldinga om at Den Høgvrde Kronprinsesse Mette-Marit vil vere vernar for stiftinga.**


Det er ei stor ære at kongefamilien vil heidre nynorsk skrifkultur på denne måten. Kongefamilien har ved fleire høve besøkt musea og festivalane våre. Vi har tru på at ordninga som kongeleg vernar kan bidra til å styrkje nynorsk skrifkultur som ein del av norsk kulturarv og samfunnsliv.



Årsmelding Nynorsk kultursentrum 2021

# STERKARE ALLIANSAR

Nynorsk kultursentrum har i 2021 styrka det formelle samarbeidet og avklart arbeidsdeling med fleire institusjonar.



## PROSJEKTSAMARBEID



Saman med Bjørnsonfestivalen får Nynorsk kultursentrum over 1,5 million frå fylkeskommunen, alle kommunane i Møre og Romsdal, Sparebank1, Kulturrådet, Sparebankstiftelsen SMN, Fritt ord og GASROR IKS til formidling av litteratur i heile fylket. Dette styrkar det regionale nærveret for begge institusjonar.

## NYNORSKFYLKET VESTLAND

Vi er med i arbeidsutvalet til nettverket Nynorskfylket Vestland, som arbeider med å styrkje og samordne innsatsen for nynorsk språk i Vestland fylke.

## NYNORSK FORUM

Saman med 16 andre nynorsk-institusjonar deltek Nynorsk kultursentrum i det offentlege ordskiftet om språk. Nynorsk kultursentrum er sekretariat og direktøren er talsperson. I 2020 har forumet blant anna arbeidd med språklø, opplæringsløy, UH-løy, offisielle namn på Noreg, privatarkivstrategi og dataspelforskrift.

## MEIR NYNORSK I DKS

Nynorsk kultursentrum sin produksjon "Skit eller kanel" var ein av vinnarane i satsinga «Meir nynorsk i Den kulturelle skulesekken» - eit samarbeid mellom Kulturtanken, Vestland fylkeskommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Nynorsksenteret.

## NYNORSKE PILOTBIBLIOTEK

Nynorsk kultursentrum har valt ut fem kandidatar til å vere nynorske pilotbibliotek i 2021-2023. Satsinga skal gjere nynorsk kultur og litteratur meir synleg sør og aust i Noreg.

## LESEDIGG

Nynorsk kultursentrum, Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK), Framtida Junior, seksjon for bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune og Nynorsksenteret fekk i 2021 midlar frå Nasjonalbiblioteket til å utvikle ei digital litteraturside for barn.

## FORMELLE NETTVERK

### LITTERATURNETTVERKET

Nynorsk kultursentrum deltek i dette nasjonale museumsnettverket.

### INTERNASJONALT SPRÅKMUSEUMSNETTVERK, INTERNATIONAL NETWORK OF LANGUAGE MUSEUMS

Nynorsk kultursentrum leier dette nettverket.

### NORSKE SPRÅKMUSEUM

Nynorsk kultursentrum tok i 2020 initiativ til nettverk med musea som arbeider med samisk, kvensk, teiknspråk og rom/romani. Vi søkte i 2021 utviklingsmidlar til eit fellesprosjekt, og vil gå i dialog med Kulturrådet om drift av nettverket.

### EØS-SAMARBEID

Saman med det latviske museet Valodu muzejs / House of Languages i Riga har vi fått EØS-midlar til eit toårig prosjektsamarbeid om å formidle skriftkulturen til to språklege mindretal frå to ulike stader i Europa.

# OPNING AV VINJESENTERET

**27. august 2021 opna vi Vinjesenteret for diktning og journalistikk med eit breitt, nasjonalt og lokalt forankra program. Meir enn 3300 gjester deltok til saman på opningsarrangement og Litteraturdagane same helga.**

## Unik tematisk tilnærming

10 år etter at Vinje kommune først tok kontakt med Nynorsk kultursentrum er Vinjesenteret no ein realitet. Det var likevel ikkje før i 2021 at publikum endeleg fekk bli ein del av dette og leggje sine forteljingar og tolkingar inn i det utstillinga presenterer.

Med opninga av Vinjesenteret fekk museumslandskapet eit nytt tilskot, med eit museum som formidlar diktning og journalistikk kvar for seg og saman. Dette er ei tematisk tilnærming Vinjesenteret er åleine om som museum i Norden, og kanskje i heile verda.

Gjestene ved Vinjesenteret får innblikk i kva journalistikk og diktning fortel om og tyder for menneska. Inngangen til utstillinga er dei fire forfattarane Halldis Moren Vesaas, Tarjei Vesaas, Aasmund Olavsson Vinje og Aslaug Vaa og deira viktige bidrag til internasjonal og nynorsk skriftkultur. Spenninga mellom fakta og fantasi i forteljingane går gjennom heile utstillinga, slik dei går gjennom litteraturen.

## Supplerande sanningar

Forfattar og journalist Anders Totland var første talar som fekk ordet under den offisielle opninga. Han fanga mykje av essensen av kva Vinjesenteret skal vere, med eit fagleg grunnlag i skjeringspunktet mellom fakta og fantasi:

*Inga sanning er sann åleine. Alle som har valt ut kjelder og faktagrunnlag, veit at det òg fins andre sanningar. Ikkje alternative fakta, slik Donald Trump og gjengen snakkar om. Men supplerande sanningar, som ikkje nødvendigvis passar saman som eit finmaska puslespel. Det finst historier som kan forteljast, som teiknar eit heilt anna bilete av verda og situasjonane ein skriv om, som kan ein få ein til å tvila på om det ein formidlar faktisk er sant. Dette er kanskje noko av det vanskelegaste i journalistikken. At noko anna òg er sant, betyr ikkje at historia du fortel er løgn.*

Kulturminister Abid Raja, leiar i hovudutval for kultur i Vestfold og Telemark Maja Foss Five og direktør i Fritt Ord Knut Olav Åmås stod i rekka av gratulantar og heldt helsingstalar til det nye museet. Ordførar Jon Rikard Kleven i Vinje kommune fekk æra av å seie dei magiske orda: «Med dette erklærer eg Vinjesenteret som offisielt opna.»



Arenaleiar Kristian W. Rantala saman med Maja Fosse Five, leiar i hovudutval for kultur, folkehelse, tannhelse og idrett i Vestfold og Telemark fylkeskommune under den offisielle opninga av Vinjesenteret.



## Kva skjer når terror blir til journalistikk og romanar?

What happens when terrorism turns into journalism and novels?

22. juli 2011 blei 77 personar drept under terroråta på Uteya og i regjeringskvartalet.

Kva rolle får journalistar og forfattarar når eit samfunn blir råka av slik urett?

I korte videointervju fortel fem forfattarar og fem journalistar om korleis dei har arbeidd med og formidla terroråta, rettsprosessen og livet etter 22. juli.

On 22nd July 2011, two terrorist attacks at the island of Uteya and in the government quarter in central Oslo killed 77 people.

What role are journalists and writers given when a society is struck by this kind of evil?

In short video interviews five journalists and five writers tell us about the work they have done to convey the terrorist attacks, the conviction of the terrorist, and life after 22nd July.

Utsnitt frå 22. juli-utstillinga ved Vinjesenteret.



## MANGFALD REPRESENTASJON

er med å gjere formidling, samling og representativ for fleire.

å sikre brukar-, skapar- og innhaldsmangfaldsplakat.

### Språkleg mangfald

Heile ideen om eit nynorsk skriftspråk er ei tru på at ein kan vere ulike i lag. Språk kan sameine på tvers av geografisk avstand og sosiale skiljeliner. Stiftinga er medviten det språklege mangfaldet i Noreg. Norsk teiknspråk, urfolksspråka og dei nasjonale minoritetsspråka har ein sjølvsgad plass i utstillingane og arrangementa i regi av stiftinga. Staben i Nynorsk kultursentrum har i 2021 vitja fleire museum som arbeider med samiske språk, kvensk, og norsk teiknspråk. Nynorsk kultursentrum har teke initiativ til eit felles prosjekt mellom språkmusea i Noreg og arbeider vidare med eit felles nettverk for erfaringsutveksling og samarbeid.

### Tilgjenge

Nettstadene følgjer retningslinjene for universell utforming. Publikumsområda på arenaene er tilrettelagde etter gjeldande forskrifter, og under Festspela har vi lagt til rette for skyss heilt opp til Aasentunet for dei som treng det. Det er gratis inngang med følgjekort til alle arenaene.

### Kunnskap om publikum og målgrupper

Sidan år 2000 har Nynorsk kultursentrum gjennomført publikumsundersøkingar på arenaene, og seinare på nettstadene. Nynorsk kultursentrum har definert tre hovudmålgrupper: barnefamiliar, kulturinteresserte vaksne og skuleelevar (ungdomsskule/ vidaregåande). I 2021 har vi brukt fokusgrupper med både mangfalds- og målgrupperepresentasjon i utvikling av turnétilbod og utstillingar. I samband med opninga av Vinjesenteret i august blei det gjennomført ei publikumsundersøking retta mot gjester i utstillinga og på arrangement.

Den visuelle profilen for verksemda har blitt vidareutvikla for å kommunisere betre mot målgruppene.

# KJERNE- OPPGÅVENE

**Nynorsk kultursentrum arbeider kvar dag med å få meir kunnskap om gjestene våre og potensielle målgrupper. Vi prøver å finne ut korleis det er å bruke tenestene våre, og korleis vi kan få fleire til å bli interesserte i tilboda våre.**

## Gjestetal

Med 25 190 gjester er gjestetallet 10 000 høgare enn i 2020, men framleis mykje lågare enn i eit normalår. Vi har gjennomført tre festivalar med betydelege restriksjonar. 8483 festivalgjester er ein nedgang på over 40 prosent frå då vi sist hadde tre festivalar, i 2018. Størst har reduksjonen likevel vore for skuleturnear, der gjestetallet er 55 prosent under gjennomsnittet frå dei fem åra før pandemien. Gjestetallet til vandreutstillingane våre kjem i tillegg, då det er ført i statistikkane til dei som har lånt inn utstillingane. 2021 hadde framleis lågt skulebesøk i utstillingane og på DKS-turnear grunna pandemien. For 2022 er målsetjinga eit normalår med færre restriksjonar og om lag 30 000 gjester.


## Målgruppene våre

Nynorsk kultursentrum har definert tre hovudmålgrupper: barnefamiljar, skuleelevar (ungdomsskule/vidaregåande) og kulturinteresserte vaksne. Vi samlar kunnskap om desse tre gruppene og bruker dei medvite i fokusgrupper og ved større prosjekt til dømes den nye basisutstillinga i Vinje – og målgruppemedvit er ein del av hovudstrategien i nye planar for arenaene og nasjonalformidling.

## Kommunar

Nynorsk kultursentrum tek heile landet i bruk og har vore til stades i 89 kommunar i 2021, fleire enn noko år tidlegare.

Samla gjestetotal




## 100-ÅRSJUBILEUM

I 1921 blei den første heile Bibelen gitt ut på norsk. Den såkalla Fyrebilsbibelen var skriven på landsmål (nynorsk). Å få på plass ein nynorsk bibel var ei storhending i samtida og ein viktig milepåle i arbeidet for å gjere nynorsk til eit samfunnsberande språk. Historia om den første nynorskibibelen blir ekstra imponerande fordi arbeidet blei leia av studentar i Studentmållaget i Oslo.

Nynorsk kultursentrum laga ei eiga vandreutstilling i høve jubileet, som har vore vist ved bibliotek og kyrkjer i Rogaland, Trøndelag og Møre og Romsdal. Med sitat frå eit utval av omsetjarane som arbeidde med den nynorske bibelen i 1921, historiske fakta og tidslinjer som viser språkutviklinga i Bibelen, får publikum innsikt i arbeidet med bibelomsetjingar før og no. Jubileet vart markert under Festspela og med ein fagdag i samarbeid med Høgskulen i Volda. I juli 2021 inviterte Nynorsk kultursentrum, Nidaros domkirkes menighet, Litteraturhuset i Trondheim, Bibelselskapet og Nidaros Mållag til orgelmeditasjon og høgmesse i Nidaros domkyrkje, i tillegg til kyrjekaffi i Vår Frue kyrkje med samtale om Fyrebilsbibelen. Vi har også publisert podkastar på Nynorsk no og støtta opp om vitskapleg arbeid og formidling i høve jubileet.


# SAMARBEID MED STORE NORSKE LEKSIKON

Fordeling av nynorskartiklar på snl.no etter hovudkategoriar



1. Språk og litteratur
2. Kunst og estetikk
3. Geografi
4. Samfunn
5. Historie
6. Ordforklaringar
7. Andre kategoriar (under 100 artiklar i kvar)

Sidevisningar nynorskartiklar 2020 vs. 2021



Den langsiktige samarbeidsavtalen med Store norske leksikon skal sikre ein vesentleg auke i nynorskdelen i Store norske leksikon. Gjennom samarbeidet bidreg Nynorsk kultursentrum med dokumentasjon av den nynorske kulturhistoria og omsetjing av artiklar frå bokmål til nynorsk.

#### Samarbeidsavtale og overtakingsavtale

Nynorsk kultursentrum inngjekk i 2020 to parallelle avtalar med Store norske leksikon (SNL). Den eine er ein langsiktig samarbeidsavtale gjeldande frå 1.8.2020 som skal sikre at kvalitetsinnhald på nynorsk blir tilgjengeleg for eit større publikum, og samstundes sikre at artiklane i SNL omtalar den nynorske kulturhistoria. Frå same tid blei Nynorsk kultursentrum medlem i Foreningen Store norske leksikon. Den andre avtalen var ein overtakingsavtale gjeldande frå 1.1.2021 om innhald frå oppslagsverket Allkunne frå stiftinga. Frå denne datoen blei Allkunne lagt ned, både som sjølvstendig oppslagsverk og som avdeling i stiftinga.

#### Overføring

I 2021 har 1200 artiklar blitt overførte frå Allkunne, og meir nynorsk leksikoninnhald er blitt tilgjengeleg for fleire lesarar. Overføringa tek tid då kvar artikkel blir gått gjennom og vurdert. Samstundes med overføringa blir det lagt ned eit stort arbeid i å oppdatere artiklane, tilpasse til SNL sitt format og eventuelt samskrive med eksisterande SNL-artiklar. Ein del artiklar frå Allkunne blir forkasta anten fordi SNL har ein betre artikkel eller fordi artikkelen ikkje oppfyller SNL sine utvalskriterium. Talet på overførte artiklar i 2021 er i tråd med målsetjinga for året.

#### Nynorsk på snl.no

I august passerte SNL 10 000 artiklar på nynorsk inkludert artiklane overførte frå Allkunne. Ved utgangen av året var det 10 800 artiklar på nynorsk på snl.no. I 2021 auka talet på nynorskartiklar på snl.no med 3300 artiklar, og i 2020 auka det med 6400 artiklar.

Nynorskartiklane blei lese om lag to millionar gongar gjennom året. Allereie i mai passerte SNL lesartalet for nynorskartiklar for Allkunne i 2020. Målet med overføringa er meir nynorsk til fleire, og lesartalet på nynorskartiklar var høgare på snl.no i 2021 (2 mill.) enn talet for SNL og Allkunne til saman i 2020 (1,7 mill.). Ved utgangen av året var det nynorskartiklar i alle hovudkategoriane på snl.no. Desiderert størst er kategorien «Språk og litteratur» med om lag 6700 artiklar, minst er «Psykologi» med éin artikkel. Artiklar på lesetopp-lista når breitt ut med mange lesarar, og å få fleire nynorskartiklar blant desse er eit viktig tiltak for å gjere leksikonartiklar på nynorsk tilgjengeleg for enda fleire. Blant dei mest lesne artiklane på nynorsk er 'hinduisme' på topp med ca. 130 000 sidevisningar i 2021 og 'svartedauden' med ca. 115 000 sidevisningar. Begge desse artiklane sørgde SNL for å få omsett til nynorsk i 2020. I 2021 blei mellom anna artikkelen 'Jesus' omsett frå bokmål til nynorsk, med ca. 50 000 sidevisningar gjennom året.

# FORSKING OG UTVIKLING

**Forskning, samling og dokumentasjon av nynorsk språk og litteratur ligg til grunn for både formidlinga og det politiske gjennomslaget.**

## Forskarkompetanse

Nynorsk kultursentrum har i 2021 halde fram med styrkinga av forskingsverksemda med publisering av éin og produksjon av fleire fagfelleverderte artiklar, deltaking i forskingsprosjekt og -seminar for vidare forskning. Våre tilknytte forskarar bidrog i tillegg med ei bok, eit bokkapittel og ein forskingsrapport. Narve Fulsås ved Universitetet i Tromsø har stillinga som forskar II i nynorsk skriftkultur i 2020–2024. Stiftinga prioriterer samstundes tid og ressursar til å kvalifisere fleire tilsette til forskingsarbeid.

Forskingdelen av hovudprosjektet *Digital festivalkjensle, støtta av Kulturrådet*, vart gjennomført i 2021. På grunn av permisjonar vart andre del av prosjektet, utvikling av ei handbok for planlegging og gjennomføring av digital festival for små og mellomstore festivalar gjennomført våren 2022. Nynorsk kultursentrum deltek også i to forskingsprosjekt som fekk støtte frå Kulturrådet (2021–2023). Dette er *Protestantisk etikk og kapitalistisk ånd? Næringslivshistorie frå Møre og Romsdal*, i samarbeid med Nordmøre museum, Romsdalsmuseet og VITI, og *Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland* i samarbeid med musea i fylket.

Med støtte frå Noregs forskingsråd jobbar Nynorsk kultursentrum også med forskingsprosjektet *Digital festivalkjensle* saman med Telemarksforskning, Høgskolen i Innlandet og Bøker i Bø. Prosjektet har også fått utviklingsmidlar frå Kulturrådet til å utvikle verk-tøy og modellar for digital festivalformidling. I 2021 vart Nynorsk kultursentrum også for første gong med i eit EØS-samarbeid med den latviske partnaren House of Languages /Valodu muzejs. Prosjektet går over to år.

## Nettverk og grupper

Stiftinga har vidare styrkt samarbeidet med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa og Høgskulen i Volda, blant anna ved å arrangere ein ny fagdag for nynorsk skriftkultur. Nynorsk kultursentrum deltek òg i forskingsgrupper ved Høgskulen i Volda. Stiftinga er også med i prosjektet *Fogderifylket Møre og Romsdal* og driv nettverket «Forskarnettverk for poetisk tenking». Dette nettverket arrangerte seminaret *Det menneskelege og ikkje-menneskelege i dikt* i oktober 2021. Innlegga blir samla og utgitt som artikkelsamling på Novus forlag i løpet av 2022. 11 forfattarar er inviterte til å levere bidrag til ein redaksjon med medlemmar frå Nynorsk kultursentrum, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger.

## Vitskaplege publikasjonar i 2021

Stein Arnold Hevrøy: "Hyss": Natur- og teknologierfaring i dikt av Kjartan Hatløy. I *Norsk Litterær Årbok* (ISSN 0078-1266) Cristin

## Vitskaplege publikasjonar NK har bidrege til i 2021:

Aschim, Anders og Halse, Per: «Den fyrste bibelen paa norsk». *Historia om fyrebilsbibelen*. Novus forlag 2021.

Fulsås, Narve: «Noreg som kulturell eksportnasjon», i: *Myten om det fattige Norge. En misforståelse og dens historie*. Scandinavian Academic Press 2021, s. 261–307. Universitetet i Tromsø

Puijk, Roel; Løkka, Nanna og Miland, Kristine Persdatter: *Festivalproduksjon og -opplevelse under Covid-19-pandemien*. Høgskolen i Innlandets skriftserie nr. 3/2021.

Autorisert konservator MNF

1

+0 frå 2020

Tilsette med ph.d.

2

+0 frå 2020

Fagfelleverderte artiklar av egne tilsette

1

-2 frå 2020

# SAMLING OG DOKUMENTASJON

**Nynorsk skriftkultur blir kvart år betre dokumentert, og nye samlingar blir tilgjengelege gjennom arbeidet til Nynorsk kultursentrum og andre offentlege aktørar.**

## Samlingsforvaltning

I 2021 gjorde Nynorsk kultursentrum tilgjengeleg 213 nye kulturhistoriske gjenstandar, to kunstverk, 63 fotografi og fem bygningar på DigitaltMuseum. Dermed var 18 prosent av museumssamlingane våre digitalt tilgjengeleg på nett ved utgangen av 2021, noko som er ei auke på åtte prosentpoeng frå 2020. Boksamlinga etter Olav H. Hauge og Ivar Aasen utgjer 80 prosent av gjenstandane i samlingane til stiftinga. Sjelve litteraturen er for det meste digitalisert av Nasjonalbiblioteket, men marginalia, innskrifter osv. frå dei tidlegare eigarane har ikkje tidlegare vore digitalisert og tilgjengeleggjort.

Fleire av bøkene frå Hauge-boksamlingane blei tilgjengelege på DigitaltMuseum i 2021. Vi har i 2021 halde fram arbeidet med å få oversyn over både arkiv-, museums- og biblioteksamlingane våre. Oppbevaringstilhøva for samlingane er styrkte med nytt ventilasjonsanlegg ved Haugesenteret. Nynorsk kultursentrum er i dialog med Nasjonalbiblioteket om digitalisering av samlingane.

Nynorsk kultursentrum tok i 2021 over samlinga til Norsk Målungdom (NMU) med ei rekkje foto, skrifter og publikasjonar, informasjonsmateriell og anna. 99 gjenstandar og foto frå NMU-samlinga blei registrerte og tilgjengeleggjort på DigitaltMuseum gjennom året, og arbeidet med å registrere denne held fram i 2022. Innhald frå samlinga blei også brukt som kjelder og objekt i nettutstillinga «Ungt språkengasjement» på nynorsk.no. Store deler av Erik Gjestvang-boksamlinga, som Gjestvang gav i gåve til Vinje kommune i 2017 med tanke på å inngå i det då planlagde Vinjesenteret, blei tilgjengeleg for publikum då Vinjesenteret opna i august.

Nynorsk kultursentrum er i dialog med Arkivverket om å bli koordinerande aktør for privatarkiv knytt til nynorsk språk og skriftkultur i Noreg og utarbeide ein bevaringsplan for feltet.

## Dokumentasjon

Vi heldt fram å prioritere minneintervju med sentrale personar for ulike delar av den nynorske skriftkulturen. Det største dokumentasjonsarbeidet i 2021 var nettutstillinga «Ungt språkengasjement» publisert på nynorsk.no. I nettutstillinga fortel Nynorsk kultursentrum soga om Norsk Målungdom og brukar historia om organisasjonen som eit døme på korleis unge engasjerer seg. Nettutstillinga er sett saman av foto av gjenstandar frå kvart tiår frå 1960 og fram til i dag saman med tre tekstar for kvart tiår: om å vere ung det tiåret, om kva Norsk Målungdom arbeidde med då, og om ei spesielt viktig politisk sak. I tillegg er det tekstar om tema som dekkjer fleire tiår. Utstillinga blei laga i samband med Norsk Målungdom sitt 60-årsjubileum i 2021 og Frivilligåret 2022.

## Nye tilskot til gjenstandssamlingane i 2021


- Akvarell av Karl Straume, med motiv frå Åsen. Gitt i gåve frå Ola Grefstad.
- Nordahl Rolfsen og Bernt Støylen: *Lesebok for folkeskulen. Fjorde bandet* (landsmaalsutgava). 1911.
- Ei rekkje gjenstandar og foto frå samlinga til Norsk Målungdom.



Læremiddelaksjon i 1997. Fotografiet er fra Norsk Målungdom-samlinga.



Banner fra Norsk Målungdom-samlinga med teksten «Dialekten din er bra nok!».



Olav H. Hauge sine margnotat i Wuthering Heights av Emily Brontë, frå Hauge-boksamlinga.



Frå Gjestvang-boksamlinga på Vinjesenteret

Registrerte kunst- og kulturgjenstandar



7456 gjenstandar

Gjenstandar publiserte på digitaltmuseum.no



997 gjenstandar

Registrerte foto



456 foto


Foto publiserte på digitaltmuseum.no



426 foto

Årsmelding Nynorsk kultursentrum 2021

Publikum for Den kulturelle skulesekken




Kommunar med arrangement eller utstilling

**89**  
+35  
frå  
2020

Framsyingar av Den kulturelle skulesekken

**83**  
- 12  
frå  
2020

Dagar med vandreutstillingar på turné



## KULTUR- FORMIDLING PÅ TURNÉ

Gjennom skuleframsyningar, utstillingar, konsertar, samtalar og foredrag har kulturformidlinga til Nynorsk kultursentrum nådd ut til store delar av landet, med aktivitet i 89 kommunar. Nynorsk kultursentrum har fokusert på å formidle tilboda i eit format som var moglege innanfor smittevernråda. Dette har vi lukkast med, og aldri før har vi vore til stades i så mange kommunar og i alle kommunane i Møre og Romsdal innanfor eit år. Det var i tillegg aktivitet i alle fylke.

### Vandreutstillingar

Aldri før har fleire hatt høve til å sjå vandreutstillingane våre, med 42 utstillingar til utlån. Vi har auka talet visningsdagar for utstillingane betrakteleg. I 2021 var det 1582 fleire dagar med vandreutstillingar på turné enn i det førre rekordåret 2020. Utstillingar på turné er ikkje rekna inn i gjestetalet, då desse blir registrerte hos dei institusjonane som har lånt inn utstillingane.

### Den kulturelle skulesekken

3766 elevar og lærarar i fire kommunar fekk oppleve fire produksjonar med til saman 83 framsyningar frå Nynorsk kultursentrum på turné i Den kulturelle skulesekken i 2021. Nynorsk kultursentrum utvikla i 2021 fire nye produksjonar for Den kulturelle skulesekken. Desse handlar høvesvis om kjeldekritikk, skeiv litteratur, dans/arkitektur og *Is-slottet* av Tarjei Vesaas. I november 2021 fekk høvesvis 193 og 125 elevar delta i ferdigstillinga gjennom prøveframsyningar av *Skit eller kanel* og *Hjarte i alle fargar*. Nynorsk kultursentrum utvikla i 2021 fire nye turnear for Den kulturelle skulesekken.

### Arrangement på turné

Nynorsk kultursentrum besøker folkebibliotek og andre forsamlingslokale i heile landet med ulike formidlingskonsept. 5456 personar opplevde arrangement og turnear organiserte av Nynorsk kultursentrum i 2021. Dette var også første året i prosjektet *Litteraturhus i Møre og Romsdal*, der Nynorsk kultursentrum og Bjørnsonfestivalen organiserte 29 turnear med 133 arrangement. Folk i alle kommunane i fylket fekk dermed unike litteraturopplevingar der dei bur. Til saman 4575 personar deltok på arrangementa for barn, ungdom og vaksne om alt frå oppfinningar og konspirasjonsteoriar, fuglar og hagar, sorg, sinne og kjærleik og spennande reiseskildringar.

### Nynorske pilotbibliotek

I 2021 lyste Nynorsk kultursentrum ut og innleide formelt samarbeid med fem pilotbibliotek for nynorsk i dei fylka med nynorskelevar der me ikkje har fast verksemd (Viken, Innlandet, Agder, Rogaland). Folkebiblioteka i Sandnes, Lom, Hemsedal, Hægebostad og Eiken, og skulebiblioteket ved Skeisvang videregående skole samarbeider no med Nynorsk kultursentrum om arrangement, utstillingar, publikumsutvikling og kompetanseutvikling.

## KOMMUNAR MED BESØK I 2021

### Vestland

- 1 Alver
- 2 Austevoll
- 3 Bergen
- 4 Eidfjord
- 5 Etne
- 6 Gloppen
- 7 Hyllestad
- 8 Kinn
- 9 Kvam
- 10 Luster
- 11 Samnanger
- 12 Sogndal
- 13 Solund
- 14 Stad
- 15 Stryn
- 16 Ullensvang
- 17 Ulvik
- 18 Vik
- 19 Voss
- 20 Øygarden

### Rogaland

- 21 Haugesund
- 22 Hå
- 23 Stavanger
- 24 Suldal
- 25 Time
- 26 Vindafjord

### Møre og Romsdal

- 27 Aukra
- 28 Aure
- 29 Averøy
- 30 Fjord
- 31 Giske
- 32 Gjemnes
- 33 Hareid
- 34 Herøy
- 35 Hustadvika
- 36 Kristiansund
- 37 Molde
- 38 Rauma
- 39 Sande
- 40 Smøla
- 41 Stranda
- 42 Sula
- 43 Sunndal
- 44 Surnadal
- 45 Sykkylven
- 46 Tingvoll
- 47 Ulstein
- 48 Vanylven
- 49 Vestnes
- 50 Volda
- 51 Ørsta
- 52 Ålesund

### Trøndelag

- 53 Malvik
- 54 Trondheim
- 55 Verdal

### Innlandet

- 56 Dovre
- 57 Hamar
- 58 Lom
- 59 Nord-Fron
- 60 Skjåk

### Vestfold og Telemark

- 61 Bamble
- 62 Færder
- 63 Holmestrand
- 64 Horten
- 65 Larvik
- 66 Nome
- 67 Notodden
- 68 Sandefjord
- 69 Seljord
- 70 Siljan
- 71 Skien
- 72 Tokke
- 73 Tønsberg
- 74 Vinje

### Nordland

- 75 Alstahaug
- 76 Bodø
- 77 Dønna
- 78 Hamarøy
- 79 Meløy
- 80 Nesna

### Troms og Finnmark


- 81 Gratangen

### Viken og Oslo


- 82 Frogn
- 83 Hemsedal
- 84 Lillestrøm
- 85 Nordre Follo
- 86 Oslo
- 87 Ås

### Agder


- 88 Hægebostad
- 89 Kristiansand



Økter på alle nettstadene



Følgjarar i sosiale medium



## DIGITAL FORMIDLING

**Nynorsk kultursentrum når desidert flest brukarar digitalt, gjennom podkast, YouTube-kanal, sosiale medium, egne nettstader og samarbeid med andre.**

### Digitale høgdepunkt

I 2021 har Nynorsk kultursentrum sine nettstader vore fulle av godt innhald. Prosjekta *Tekstar til opning av Vinjesenteret*, der forfattarar og journalistar skreiv om fakta og fantasi på ulike vis, og prosjektet *Mitt språk – min song*, der artistar skreiv ein song og spela den inn for oss, har vore høgdepunkt.

### Direktestrøyming frå festivalane

Alle dei tre festivalane blei gjennomført fysisk i 2021. I Vinje fekk Litteraturdagane ein eigen digital del, kalla Litteraturdagane digital. Her blei forfattarar og journalistar som elles var utøvarar på festivalen intervjuar i det nye biblioteket på Vinjesenteret. Intervjua blei sende direkte på Facebook, og sett meir enn 6000 gonger.

Festspela i Ørsta hadde direktesending av samtaleprogrammet fredag og laurdag på YouTube-kanalen til Nynorsk kultursentrum. Desse sendingane blei sett av om lag 80 personar kvar av dagane.


### Følgjarar i sosiale medium

I 2021 hadde Nynorsk kultursentrum til saman 19 443 følgjarar. I 2020 var følgjartalet 27 387. Den store nedgangen i følgjarar frå 2020 kjem av at SNL i samband med overtakingsavtalen også tok over Alkunne sine kontoar i sosiale medium. Alkunne hadde 10 226 følgjarar fordelt på Facebook, Instagram og Twitter.

Digitalformidlar Line Eilevstjønn i samtale med forfattar Marie Tveiten under Litteraturdagane digital.



Frå youtube-filmen av Moddi frå prosjektet «Mitt språk – Min song»



Frå den digitale utstillinga om ungt språkengasjement.

### Podkast og Youtube

«Nynorsk no» er podkastkanalen til Nynorsk kultursentrum. I 2021 blei det publisert 3 episodar, og kanalen hadde til saman 1477 avspelingar. Youtube-kanalen vår hadde 9 nye innlegg og til saman 15 933 avspelingar i 2021.

### Ny digital utstilling

Mot slutten av året markerte ein på nynorsk.no at Norsk Målungdom fylte 60 år i 2021. På tvers av arenaene blei det laga ei flott, digital utstilling om ungt språkengasjement, med mange ulike element. Denne blir stadig jobba vidare med, og skal fyllast på med både video, bilete og lyd.

I 2021 kom det òg ei rekkje nye nynorske artiklar på Store norske leksikon, og dermed er det endå meir kvardagsnynorsk å snuble over for internettet sine brukarar.

Publiserte podkast-episodar

**3**

-10 frå 2020



Avspelte songar på tunkatten.no

**42 264**

-11 686 frå 2020



YouTube

**57**

videoar



**15 933**

visningar

# PRISAR

## ÅRETS NYNORSKBRUKAR 2021



Bergen kommune vart kåra til Årets nynorskbrukar 2021. Kommunen fekk prisen for å opprette fast nynorskklasser på ein sentrumsskule i Bergen, uavhengig av søkjartal, frå skuleåret 2021-2022.

Styret i Nynorsk kultursentrum deler ut prisen årleg.

## DIKTARTAVLA 2021




Poet Paal-Helge Haugen blei heidra med Diktartavla 2021. Juryen trakk fram at Paal-Helge Haugen har ein svært rik tekstproduksjon, både i mengd og i spenn. Det blei også peika på at Haugen sin forfatterskap stadig er i dialog med tekstar frå andre kulturar og andre tider, og at lyrikken til Haugen har ei breidd og ein dramatik i seg som gjer at lyrikken sprengjer seg ut av tradisjonen og dei klassiske skjema. Juryen skriv at Haugen si diktning fangar det sanselege i skarpe og poetiske augneblink. Samstundes er det harmoniske tilværet uløseleg knytt til verdas moglege undergang. Haugen diktar om kva språket har å seia for verda, og korleis diktning kan fungera.

Nynorsk kultursentrum og Hardanger og Voss museum samarbeider om utdelinga av prisen årleg.

## OLAV H. HAUGE-STIPENDET FOR UNGE DIKTARAR 2020

Artist og låtskrivar Endre Olsen fekk Olav H. Hauge-stipendet 2020, delt ut i 2021.

Frå juryen si grunngeving: *Endre Olsen har skrivne songar i mange år. På dei to siste albuma har han norske tekstar, framført på si eiga dialekt. På desse to utgjevingane syner han at han kan handverket som skal til. Ord som toler å syngjast og som kling med musikken og rytmen. Gjenta-kingar og rim, leik med ord og tydingar. «Det blir nok seint, det blir sikkert nok, men aldri seint nok for meg» lyder det på siste albumet «Baklengs Tebake».*




Olav H. Hauge-stipendet går til ein norsk lyrikar, songar eller tekstforfattar under 40 år som har gitt ut inntil tre diktsamlingar eller eigne større songverk og med denne kunstarkapen har vist eit særleg poetisk talent. Stipendet på 150 000 kroner er finansiert av Sparebanken Vest, Sparebankstiftinga Hardanger og Ulvik Herad. Stipendet vert delt ut kvart anna år under opninga av Poesifestivalen.

## STOREGUTPRISEN 2021

Runar Gudnason og Side Brok fekk Storegutprisen 2021.

Frå juryen si grunngeving: *Saman med medspelande musikarar har Runar Gudnason stått fram som eit sjeldsynt fenomen i norsk musikkliv. Side Brok er seg sjølve. Bygdenorske og internasjonale på same tid, og på eit dialektfarga nynorsk. Det er høg kvalitet over det dei leverer. Der er ein solid og lei-kande språkleg sans, til tider mørk, men òg ofte humoristisk vri i tekstane til Side Brok. Rappduoen har stor kraft, integritet og spenst. Side Brok sparkar til alle kantar, både musikalsk og tekstleg. Ein kan verkeleg seie at Runar Gudnason og Side Brok nyttar eit levande og ledig nynorsk.*



Storegutprisen går til nokon som på ein positiv måte nyttar eit levande og ledig nynorsk. Prisen blir delt ut årleg på Edland under Litteraturdagane, og Vinjesenteret er sekretariat for prisen.

# ARENAENE VÅRE

Nynorsk kultursentrum driv tre faste arenaer i fylka Vestfold og Telemark, Vestland og Møre og Romsdal. Ved alle dei tre arenaene driv vi museum og festivalar og har kommersielle tenester som butikk, kafé og utleige. Nettbutikken handlenett.no er ein del av arendrifta i Aasentunet.


## Oppgang

Alle butikkane ved dei tre avdelingane hadde ein auke i omsetninga frå 2020 til 2021. Til saman gjekk salet opp med 253 000 kr. Samstundes var også salet i år påverka av situasjonen rundt koronaviruset. Det var arrangert festival ved alle dei tre arenaane i 2021.

## Eigenutvikla varer

Nynorsk kultursentrum har mange eigenutvikla varer. I 2021 kom det eit nytt festspel-krus med sitat av festspeldiktar Sigmund Løvåsen. Vinjesenteret produserte mellom anna eit handlenett knytt til opninga av Vinjesenteret. Eit utval av varene våre blei også selde ved andre arenaer, som til dømes Det Norske Teatret og Sunnmørsalpane Guide Service.

## Eigeninntekter per tema etter arena



Årsmelding Nynorsk kultursentrum 2021


## Selde Ivar Aasen-boksarar

925


-144 frå 2020




## Bøker som del av det totale salet




## Omsetning, butikkar



## Omsetning, kafé





# AASENTUNET OG FESTSPELA

I over hundre år har folk kome til Aasentunet for å oppleve språk, litteratur, arkitektur, kunst og musikk.

## Reisemålet

Sum gjestar for Aasentunet i 2021 blei ganske likt som 2020. Pandemien er hovudårsaken til det låge talet, i tillegg til ei lengre periode med stengt museum grunna ombygging av resepsjonsområdet. Sommarsesongen var god, men ikkje like heftig som 2020. Særleg småborn og familiar hadde eit styrka tilbod denne sommaren gjennom eit nytt aktivitetshefte og ein «fuglesti» til Høgetua over museet.

## Tilbod til skular og barnehagar

Tilbodet til skular og barnehagar blei styrka i 2021. Jamfør 2020 var det om lag tusen fleire som fekk oppleve framsyningar i regi av Nynorsk kultursentrum i Aasentunet og ved skular og barnehagar i Ørsta og Volda. I samband med Festspele kunne ein igjen gjennomføre forfattarbesøk til skular i Ørsta og Aasentunet var også vertskap for prøvframsyningar for den nye produksjonen Skit eller kanel. Den tradisjonsrike barnekunstutstillinga blei gjennomført som normalt og der blei også eit opent arrangement med forfattar og illustratør Marianne Engedal.

## Arrangement og utleige


Etter digitale festspele i 2020 blei Festspele 2021 gjennomført med strenge restriksjonar. Gjestetalet blei om lag ein 30% av eit normalt år og restriksjonane påverkar særleg dei største arrangementa slik at billettinntektene kun blei 20-25% jamfør det ein kan forvente utan restriksjonar. Festspelediktar Sigmund Løvåsen fekk likevel mange nye tilhengjar og lesarar etter fire fine dagar. Det blei gjennomført ei rekkje arrangement gjennom hausten og ein har heile vegen tilpassa seg gjeldande regelverk.

Det blei gjennomført 43 offentlege og private arrangement av eksterne leigetakarar i 2021, jamfør 42 i 2020. Den nye innreiinga i resepsjonen gjer det enklare å gjennomføre selskap og møte i kaféen med krav til avstand.


## Konsekvensar av pandemien

Pandemien førte til gjestetale for 2021 som var om lag som i 2020. Retningslinjer og tilrådingar endra seg ofte i løpet av året og dette prega drifra sterkt på alle område.


Gjester i Aasentunet



Billettinntekter i Aasentunet



## Billettinntekter for Festspela



**31**

arrangement på  
Festspela 2021


**2**

direktesendingar

## Fysiske gjester på Festspela

**940**      **2 134**  
2020              2021

## Barn og unge som del av det totale gjestetallet på Festspela 2021




## Arrangement i Ørsta og Volda utanom Festspela

**17**



Synne Vo på Studenthuset Rokken under Festspela.

*Tingingsverket  
Vandring framført av  
Erlend Apneseith, Fest-  
speldiktar Sigmund  
Løvåsen og Frode  
Hallli.*




Ny innreiing i resepsjonsområdet gir meir plass til gjester i Aasentunet.

Forfattarane Jens Kihl og Arnfinn Kolerud i litterær samtale under Festspela.




# HAUGESENTERET OG POESIFESTIVALEN

Gjester ved Haugesenteret



Billettinntekter ved Haugesenteret



**Haugesenteret i Ulvik formidlar lyrikk i mange former og på tvers av språkgrensar.**

#### Reisemålet

Haugesenteret hadde 1203 gjester i sommarsesongen 2021. Museet er framleis eit attraktivt reisemål, trass i ein mindre nedgang samanlikna med året før. Samarbeidet med Ulvik Turlag om Bokstavjakta, ei rebusturløype for barnefamiljar, var framleis populært i 2021. Poetiske stoppestader – Hauge-dikt i Ulvik vart monterert langs fjordpromenaden i oktober. Ei av målsetjingane er å gjere Haugesenteret meir synleg for tilreisande til poesibygd. Haugesenteret er medlem av Visit Hardangerfjord og har eit aktivt samarbeid med turistkontoret i Ulvik, Brakanes hotell og Frukt- og siderruta. Besøket frå Fotefar temareiser var populært i vellykka, og Haugesenteret har som mål å vidareutvikle dette samarbeidet.

#### Tilbod til skular og barnehagar

Haugesenteret har skuletilbod til alle alderssteg i grunnskulen, samt barnehagar og vidaregåande skular. Skuletilboda ligg også ute på den digitale plattformen Museumsloosen, og det blir i tillegg sendt ut påminning om tilboda ved semesterstart. Skulebesøket var også i 2021 svært lågt grunna pandemien.

#### Arrangement

Haugesenteret hadde ni publikumsarrangement i 2021, fordelt på litterære tilstellingar, konsertar og familiearrangement. Poesifestivalen hadde 31 ulike programpostar fordelt på åtte ulike arenaer. Festivalen hadde litt færre arrangement enn det som har vore vanleg før pandemien.

#### Konsekvensar av pandemien

Gjestetalet for arrangement var redusert grunna smittevernreglar. Poesifestivalen i 2020 blei avlyst og flytta til 2021. Setekapasiteten under festivalen var redusert med 1/3 grunna smittevern. Det var og færre arrangement og arenaer enn vanleg. Det samla besøket var difor betydeleg lågare enn eit normalår. Dette gjeld også skule- og gruppebesøk.

25

Elevar i poesiverkstaden

193

+118  
frå 2020

Arrangement gjennom året

9

-3  
frå 2020

Arrangement under Poesifestivalen

31

Billettinntekter for Poesifestivalen

310 589

Fysiske gjester på Poesifestivalen

1962

Barn og unge som del av det  
totale gjestetallet på Poesifestivalen  
2021

11 %



Forfatter Anna Kleiva i samtale med lyrikarane Svanhild Amdal Telnes og Maiken Horn Bolset på Lekve Gard.

Erlend O. Nødtvedt og Erlend Apneseth trio samarbeidde om eit tingingsverk i skjæringspunktet mellom lyrikk og musikk.



Barne- og familiekonsert med bandet Naboen min.


Kari Bremnes i Kongressen under Poesifestivalen.

Årsmelding Nynorsk kultursentrum 2021




## VINJESENTERET OG LITTERATURDAGANE

Gjester ved Vinjesenteret



Billettinntekter ved Vinjesenteret



Menneske fortel både oppdikta og sanne forteljingar. Ved Vinjesenteret kan du oppdage kva forteljingar og forteljarar tyder for verda vi lever i.

### Reisemålet

Før den offisielle opninga av Vinjesenteret 27. august fekk vi vist fram delar av utstillinga til både inviterte og tilfeldige gjester frå 1. juni til 27. august. Sommargjestene fekk sjå delar av utstillinga, handle varer i museumsbutikken og omvising i Vinjestoga. Etter den offisielle opninga har Vinjesenteret vore opne med fullt publikumstilbod, arrangement og skuleopplegg.

### Arrangement og utleige


Etter opninga av Vinjesenteret i slutten av august vart det skipa til 3 arrangement, konsert med folkemusikkgruppa *Perleskum*, allehelgensarrangementet *Trøystande ord*, og samtale med Gro Holm, Halvor Tjønn og Atrid Versto om *Fredsprisen til fri presse*.

Vinjesenteret har ikkje vore utleigd i 2021, men det har vore halde nokre opne folkemøte, og fleire lag og organisasjonar har nytta senteret som møtestad.

### Konsekvensar av pandemien

På grunn av korona vart det naudsynt å avlyse mange arrangement, og både Litteraturdagane i Vinje og opninga av Vinjesenteret vart tilpassa rettleingane for smittevern. Konsekvensane for Litteraturdagane vart færre arrangement, færre gjester, færre utøvarar og lågare billettinntekter. Opninga av Vinjesenteret resulterte i høgare billettinntekt enn ordinære år, men pandemitilpassingar sette tydelege avgrensingar for kva dette kunne har vore. Litteraturdagane Digital vart sendt 27. og 28. august som eit tilbod til dei som ikkje fekk høve til å delta.

Billettinntekter for Litteraturdagane



Barn og unge som del av det totale gjestetallet på Litteraturdagane 2021



Stein Torleif Bjella på scena under Litteraturdagane.

Digitalformidlar Line Eilevstjønn i samtale med Odd Nordstoga i biblioteket på Vinjesenteret. Samtalen blei send direkte på Facebook.




Prosti diakon Eilev Erikstein og digitalformidlar Line leia arrangementet «Trøystande ord» på Vinjesenteret i høve allehelgen.

The Northern Belle og vokalist Stine Andreassen spreidde country-stemming på Litteraturdagane.



Faksimile frå Dag og Tid om opninga av Vinjesenteret.

# KOMMUNIKASJON



Nynorsk kultursentrum har fastsett at verdiane til stiftinga er **påliteleg, samlande og kreativ**. Hovudmålgruppene er kunnskaps- og kulturorienterte vaksne, skuleelevar og småbarnsfamiliar.

### Pressearbeid

For Nynorsk kultursentrum er det viktig at stiftinga, aktivitetane og medarbeidarane er synlege, men vi skal også vere ein del av den offentlege samtalen om nynorsk skrifkultur. I tillegg til fokus på opninga av Vinjesenteret, prega ordskiftet om språkløva, opplæringslova, statsbudsjettet og Hurdalsplatforma pressarbeidet til organisasjonen i 2021.

Nynorsk kultursentrum har vore på NRK Radio fleire gongar i 2021. Der blei det mellom anna snakka om opninga av Vinjesenteret, det digitale prosjektet *Mitt språk – Min song* og ulike arrangement ved arenaene våre.

### Marknadsstrategi

Vi har i 2021 halde fram med å prioritere meir digital marknadsføring, spesielt nasjonalt. Lokalt har vi nytta både digital marknadsføring og prenta avisannonsering. Dette har vore viktig for at lokalbefolkninga rundt arenaene våre skal bli kjende med den nye visuelle profilen vår, i tillegg til at vi ønsker å støtte opp om lokale aviser.

Vi er også opptekne av å etablere gode samarbeid med andre, slik at det kan styrkje marknadsposisjonen vår og gjere oss meir synlege.

### Politisk påverknad

Nynorsk kultursentrum har på vegner av Nynorsk forum delteke i høyringar i Stortinget om kultur- og utdanningsbudsjetta, museumsmeldinga og ny språkløva. Det har i tillegg blitt sendt inn høyringsvar om forslag til ny opplæringslov, om reviderte retningslinjer for normering av nynorsk og bokmål, og om planprogram og strategi for kultur i både Møre og Romsdal, Vestland og Vestfold og Telemark fylkeskommunar.

## ØKONOMI

**Nynorsk kultursentrum har eigenkapital tilsvarande 26 prosent av driftsinntektene. Det gir solid grunnlag for vidare drift.**

### Rekneskap 2021

Stiftinga hadde driftsinntekter på 36 679 541 kr og driftskostnader på 35 222 259 kr. 90 prosent av inntektene var offentlege tilskot, og 10 prosent var marknadsinntekter, gåver og sponsoravtalar. Det er sett av midlar til investeringar og vedlikehald. Stiftinga har inga langsiktig gjeld. Resultatet på 1 566 336 kr styrkjer eigenkapitalen til 9 498 391 kr.

Kostnadene til pensjon, løn og sosiale kostnader var på 53 prosent av samla omsetning, mot 54 prosent året før. Dei samla driftsinntektene auka med 11,2 prosent og driftskostnadene auka med 12,0 prosent.

### Tilskot og prosjekt

Stiftinga har fått 865 000 i private gåver og prosjektmidlar. Alt er øyremerka festivalar og formidlingstiltak.

### Investeringar

Den nye basisutstillinga i Vinje er ei av dei største investeringane institusjonen har gjort. Prosjektrekneskapan viser samla utgifter på kr 6 516 411 eks mva. 5 379 000 kr er finansiert av gåvemedlar frå Kulturdepartementet, Vestfold og Telemark fylkeskommune, Vinje kommune, Stiftelsen Fritt Ord og Sparebankstiftelsen DNB. Resten er finansiert med egne midlar.

Resepsjonen i Aasentunet blei bygd om i løpet av vinteren 2021.


Boksamlinga til Olav H. Hauge fekk eigen klimatilpassa ventilasjon i løpet av våren 2021.

### Avsetningar

Det er sett av midlar til ny basisutstilling i Aasentunet, ny barnedel i basisutstillinga på Haguesenteret, sykkelparkering og ladepunkt i Aasentunet, auka personalressursar i 2022 og til vedlikehaldsfond.


Løyvde private gåver og prosjektmidlar

# 865 000




Årsmelding Nynorsk kultursentrum 2021


### Driftsinntekter



### Driftskostnader




### Årsresultat




# ORGANISASJON

## Sjuefråvær



## Syssette årsverk




## Løstakarar i Nynorsk kultursentrum

99  
-37  
frå 2020



## Utlyste stillingar og søkjarar i 2021



## Nynorsk kultursentrum skal vere ein attraktiv arbeidsplass i lokalsamfunna der vi er til stades.

### Medverknad

2021 markerte overgangen til ei ny intern organisering. På grunn av oppseiingar har det vore nokre justeringar i stillingskabalene i løpet av året. Dei tilsette har vore med i prosessen i fleire rundar, og det har vore eigne møter med fagforeiningar.

### Helse, miljø og sikkerheit

Organisasjonen har vedteke planar og innarbeidde rutinar for helse, miljø og sikkerheit i arbeidskvardagen og under arrangement og festivalar. Verksemda har arbeidsmiljøutval.

Arbeidsmiljøet er trygt og i tråd med arbeidsmiljølova. Det er gjennomført vernerundar i avdelingane. Det er ikkje meldt skader.

Sjuefråværet var på 10,2 prosent i 2021, mot 7,8 prosent i 2020. Fråværet under 16 dagar var på 1,8 prosent (-1,1), og fråværet over 16 dagar var på 8,4 prosent (+3,5). Stiftinga arbeider medvite med oppfølging og tilrettelegging for å redusere langtidssjuefråværet.

Stiftinga har retningslinjer for å førebyggje trakassering og arbeider etter lovverket for å unngå forskjellsbehandling og diskriminering. Stiftinga har prinsipp om at utøvarar ikkje skal vere påverka av rusmiddel under arrangement.

### Likestilling og mangfald

I styret er det fire kvinner og tre menn, og leiargruppa har fem menn og to kvinner. 18 menn og 22 kvinner har arbeidsavtale per 31.12.2021. Ved innleige av utøvarar til arrangement og turnear legg stiftinga vekt på at det over tid er lik representasjon av kvinner og menn.

Organisasjonen utarbeidde i 2020 ein mangfaldsplakat for verksemda (sjå baksida).

### Ytre miljø

Stiftinga forsøker å avgrense påverknaden på det ytre miljøet. Aasantunet har elvarebil, og det er kjeldesortering ved alle dei tre arenaene. Gjester og utøvarar blir oppmoda til å reise med buss eller tog der det er mogleg.

# STRATEGISKE MÅL FRAM MOT 2025



Arbeidsseminar i Aasentunet saman med besøk frå det latviske museet Valodu muzejs / House of Languages i Riga.

**Styret i Nynorsk kultursentrum fastsette 6. desember 2019  
Språk, kultur og kunnskap til heile landet. Strategisk plan  
2020–2025.**

## Politikkutvikling

Nynorsk kultursentrum arbeider for eit Noreg der det språklege mangfaldet er sjølvsgagt. Saman med organisasjonslivet og lokale, regionale og nasjonale styresmakter skal vi få på plass infrastruktur som gjer det mogleg at fleire blir, og blir verande, nynorskbrukarar.

## Kunnskapsutvikling

Gjennom dokumentasjon, samling og forskning skal stiftinga gi publikum ny og nødvendig innsikt om nynorsk språk og litteratur. Vi aukar vår eigen forskingskompetanse samstundes som vi får fleire forskarar til å arbeide med nynorsk skriftkultur. Vi samlar inn munnelege minne og gjer samlingane våre tilgjengelege for alle.

## Nasjonal kulturformidling

Kultur og kunnskap på nynorsk skal vere tilgjengeleg der folk er. Folk er i heile landet, og gjennom strategiske samarbeid skal stiftinga nå over 100 kommunar med arrangement eller utstillingar kvart år. Stiftinga skal også vere sterkt til stades digitalt,

både med tekst, lyd og video, på eigne plattformer og i tett samarbeid med større aktørar som når målgruppene våre.

## Arenautvikling

Vi er til stades i Vinje, Ulvik og Ørsta med museum og festival. Arenaene våre skal vere møteplassar for bygdefolk, arena for skular og barnehagar i nærområda og reisedestinasjon for familiar og vaksne.

## Organisasjon

Stiftinga skal ha den fremste kompetansen på å formidle, forske på og forvalte nynorsk skriftkultur, og skal vere ein attraktiv arbeidsgivar for kultur- og driftsfaglege tilsette. Nynorsk kultursentrum skal vere effektivt organisert for å nå måla til stiftinga.

## Kommunikasjon

Kommunikasjonen er påliteleg, samlande og kreativ. Nynorsk kultursentrum skal bli betre kjende med fleire målgrupper.

*Nærare 240 tredjeklassingar fekk med seg opplegget «Bli kjend med Ivar Aasen» i Aasentunet hausten 2021.*



*Elevar ved Brakanes skule las eigne dikt under den offisielle opninga av Poesifestivalen.*

## ÅRET SOM GJEKK



Gunnar Garfors på turné i regi av Litteraturhus i Møre og Romsdal.




Anna Kleiva og Sigmund Løvåsen var blant utøvarane på Festspela som var med på diktvandring i Romedalen.



Forfatter og journalist Anders Totland og Knut Olav Åmås, direktør i Fritt Ord, heldt begge tale under opninga av Vinjesenteret.




I samtale med Kari Hesthamar under Poesifestivalen delte Kari Bremnes tankar om korleis tekstane hennar blir til, ofte som eit resultat av møte med menneske.



Digitalformidlar Line O. Eilevstjønn i samtale med Brit Bildøen, Kristin Tveiten og Marie Tveiten under Litteraturlagane.



Delar av SNL-redaksjonen på besøk i Aasentunet i samband med samarbeidet om meir nynorsk på snl.no.



Herborg Kråkevik framførte Haustvisa til Ivar Aasen på nyskriven tone då ho vitja Aasentunet.




Tore Renberg saman med publikum på eit arrangement ved Giske folkebibliotek i regi av Litteraturhus i Møre og Romsdal.




Avdelingsleiar Tone Slenes presenterte dei fem utvalde nynorske pilotbiblioteka i 2021. Samarbeidet med desse er godt i gang.



Odd Nordstoga spelte eigen konsert på opninga av Vinjesenteret.




Nynorsk kultursentrum laga ei eiga vandreutstilling i høve 100-årsjubileet til Fyrebilsbibelen.



Arenaleiar, fungerande direktør og representant frå SixSides med dei siste førebuingane ved Vinjesenteret på opningsdagen.



Hovdebygda, 25. februar 2022




**Reidar Sandal**  
styreleiar



**Amela Koluder**  
nestleiar



**Hilde Løkenesgard Bjørnsvik**  
styremedlem



**Sæbjørn Forberg**  
styremedlem



**Siri Beate Gjerde**  
styremedlem



**Lars Kvestad**  
styremedlem



**Janne Nygård**  
styremedlem



**Gaute Øvereng**  
fung. direktør



<b>Resultatregneskap</b>			
Stiftinga Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur			
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>	<b>Note</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Sal av varer		1 414 740	1 146 322
Tilskot frå Kulturdep. o.a.	1	34 191 462	31 268 997
Billettsal		952 604	454 875
Sponsorinntekter og annonser		13 950	46 780
Andre inntekter		106 785	47 285
Sum driftsinntekter		<u>36 679 541</u>	<u>32 964 259</u>
Varekostnad		1 154 301	793 087
Lønskostnader m.m.	2	19 128 065	17 934 293
Ordinære avskrivningar	3	615 828	698 098
Leigekostnader		991 232	433 875
Utstyr og driftsmateriell, straum		1 443 369	1 823 808
Reparasjonar og vedlikehald		652 890	626 231
Reise/oppald		1 776 848	644 079
Honorar	2	5 319 468	5 740 990
Marknadsføring		1 124 717	807 166
Ymse kontorkostnader/porto m.m.		1 613 800	1 338 304
Andre driftskostnader		1 401 740	589 904
Sum driftskostnader		<u>35 222 259</u>	<u>31 429 835</u>
Driftsresultat		<u>1 457 282</u>	<u>1 534 424</u>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Renteinntekter		113 266	152 437
Annan Finansinntekt		70	0
Rentekostnader		3 656	819
Annan finanskostnad		627	0
Resultat av finanspostar		<u>109 054</u>	<u>151 618</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		1 566 336	1 686 042
Ordinært resultat		<u>1 566 336</u>	<u>1 686 042</u>
Årsoverskot	4	<u>1 566 336</u>	<u>1 686 042</u>
<b>Overføringer</b>			
Avsett til forpliktingar	4	1 050 000	1 460 000
Overføringer annan egenkapital	4	516 336	226 042
Sum overføringer		<u>1 566 336</u>	<u>1 686 042</u>
Stiftinga Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur			Side 2











<b>Balanse</b>			
Stiftinga Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur			
Eigedelar	Note	2021	2020
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Utekafè, -scene, stabbur og ny veg	3	1 979 341	2 209 551
Inventar og utstyr	3	1 271 982	1 073 031
Sum varige driftsmiddel		<u>3 251 323</u>	<u>3 282 582</u>
<b>Finansielle driftsmiddel</b>			
Sum anleggsmiddel		<u>3 251 323</u>	<u>3 282 582</u>
<b>Omløpsmiddel</b>			
Varelager	5	1 163 414	1 116 666
<b>Krav</b>			
Kundar	6	326 085	175 881
Andre krav	6	408 912	668 485
Sum krav		<u>734 997</u>	<u>844 366</u>
Bank, kasse		11 200 974	15 035 262
Sum omløpsmiddel		<u>13 099 385</u>	<u>16 996 294</u>
Sum eigedelar		<u>16 350 708</u>	<u>20 278 876</u>

Stiftinga Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur

Side 3



<b>Balanse</b>			
Stiftinga Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur			
<b>Eigenkapital og gjeld</b>	<b>Note</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Grunnfond	4	270 000	270 000
Sum innskoten eigenkapital		<u>270 000</u>	<u>270 000</u>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Avsetjing for framtidige kostnader	4	3 578 970	3 338 970
Annan eigenkapital	4	5 649 421	5 133 085
Sum opptent eigenkapital		<u>9 228 391</u>	<u>8 472 055</u>
Sum eigenkapital		<u>9 498 391</u>	<u>8 742 055</u>
<b>Gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		1 436 012	1 471 130
Trekk og offentlege avgifter		1 309 572	1 332 164
Påkomne kostnader		1 840 835	1 581 539
Periodiserte tilskot		2 265 899	7 151 988
Sum kortsiktig gjeld		<u>6 852 317</u>	<u>11 536 821</u>
Sum gjeld		<u>6 852 317</u>	<u>11 536 821</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>16 350 708</u>	<u>20 278 876</u>
I styret for STI Nynorsk kultursentrum, Hovdebygda 25.2.22			
 Reidar Sandal Styreleiar	 Amela Koluder Nestleiar	 Lars Kvestad Styremedlem	
 Sæbjørn Forberg styremedlem	 Janne-Kristin Svarstad Nygård Styremedlem	 Hilde Løkensgard Bjørnsvik Styremedlem	
 Gaute Øvereng Fung. direktør		 Siri Beate Gjerde Styremedlem	
Stiftinga Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur			
			Side 4

**NOTAR for 2021**  
**Stiftinga Nynorsk kultursentrum****Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra nedanfor.

**Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld**

Eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk, er klassifiserte som anleggsmiddel.

Andre eigedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta ikkje å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

**Inntektsføringsprinsipp**

Off. tilskot til drifta vert inntektsførde i same periode som desse er meint å dekkje frå tilskotsgivar.

Prosjektinntekter vert periodiserte til inntekt i takt med gjennomføring av prosjekta. Utbetalte tilskot for prosjekt, som ikkje er oppstarta, vert såleis balanseførde som forplikting. Andre inntekter vert inntektsførde ved opptening for tenester og på leveringstidspunktet for selde varer.

<b>Note 1 Offentlege og andre tilskot (inntektsført del i 2022)</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Kulturdepartementet	24 149 250	23 660 000
Tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune	1 175 975	750 000
Tilskot frå Vestland fylkeskommune	1 507 457	1 193 045
Tilskot frå Ørsta og Volda kommunar	240 000	150 000
Tilskot frå Ulvik kommune	2 012 500	1 315 000
Tilskot frå Vinje kommune	1 232 000	1 200 000
Tilskot Norsk kulturråd	1 065 000	250 000
Tilskot Vestfold og Telemark Fylkeskommune	1 161 600	1 040 000
Tilskot frå Nasjonalbiblioteket	300 000	0
Tilskot Fritt Ord	400 000	325 000
Andre offentlege tilskot	482 681	980 202
Andre tilskot	0	305 750
Gåvemidlar	465 000	100 000
<b>Sum tilskot</b>	<b>34 191 462</b>	<b>31 268 997</b>

<b>Note 2 Lønskostnad, tal på tilsette m.m.</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Lønskostnad	14 741 717	13 895 969
Folketrygdavgift	2 179 542	1 976 280
Oppg.pl. honorar	589 399	734 104
Pensjonsytningar	1 393 711	1 095 791
Andre ytingar	223 696	232 151
	<b>19 128 065</b>	<b>17 934 293</b>
Gjennomsnittleg tal på tilsette (årsverk)	28,9	24,4

**Revisor**

Kostnadsført revisjonshonorar for 2021 utgjer kr 52.000,- u/mva. Honorar for revisjonsrelaterte tilleggstenester utgjer kr 49.750,- eks/mva.



**Note 3 Driftsmiddel, avskrivningar**

	Inventar/ utstilling/bil/re ttar	Amfi/ute- kafe/utescene/ stabbur/veg	Bygg	Sum
<b>Tilskot til inventar/utstilling og bygg</b>				
Kostpris l.l.	19 997 091	8 358 477	43 800 000	72 155 568
+ Tilgang	5 130 947		0	5 130 947
- Avgang	0	0	0	0
- Tilskot	-3 846 378	0	0	-3 846 378
-Overføring frå egne avsetjingar	-310 000	0	0	-310 000
- Tilskot - akkumulerte tal per 31.12	-19 172 919	-4 164 500	-43 800 000	-67 137 419
Akk. avskrivningar 31.12.	-4 373 137	-2 214 636	0	-6 587 773
<b>Bokført verdi 31.12</b>	<b>1 271 982</b>	<b>1 979 341</b>	<b>0</b>	<b>3 251 323</b>
<b>Avskrivningar i år</b>	<b>385 617</b>	<b>230 210</b>	<b>0</b>	<b>615 828</b>
Avskrivingssats	10-33%	4-10%		

Stiftinga har i 2002 fått vederlagsfri heimsoverføring frå Staten på den faste eigedomen. Dette byggjer på ein føresetnad om at nybygget ikkje skal omsettast. Dette er i samsvar med § 9 i vedtektene for stiftinga, der det heiter at "den rørlege og urørlege eigedomen til stiftinga kan ikkje avhendast, med mindre det følgjer av gjenstandens art eller føremålet med å tileigne seg gjenstanden". Som følge av dette er verdien oppført til kostpris kr 0,- for stiftinga, men slik at byggjekostnaden er vist i oppstillinga ovanfor og med tilsvarande sum som tilskot.

**Note 4 Eigenkapital**


	Grunnfond	Avsetjing til framtidige forpliktingar	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital pr. 01.01.2021	270 000	3 338 970	5 133 085	8 742 055
Årets resultat		1 050 000	516 336	1 566 336
Bruk av avsetjing til framtidige kostnader	0	-810 000	0	-810 000
Eigenkapital pr. 31.12.2021	270 000	3 578 970	5 649 421	9 498 391


**Note 5 Varelager**

Varelageret er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

**Note 6 Andre krav**

Krava er verdsette til pålydande og forfell innan 1 år.







# MANGFALDS- PLAKATEN

Nynorsk er ideen om at eit mangfald i tale kan samle i skrift. Mangfaldet i samfunnet må også vere synleg i arbeidet til kulturinstitusjonar. Nynorsk kultursentrum arbeider med å sikre relevans for og representasjon frå ulike grupper menneske. Omgrepet mangfald rommar dimensjonar som geografisk, sosial og kulturell bakgrunn, kjønn, funksjonsevne, religion og verdisyn, legning og alder.

## SKAPARMANGFALD

1. Mangfald skal alltid vere tema når vi skal engasjere skaparar og utøvarar
2. Støtt opp om nye røyster som kan utvide mangfaldet innan sitt uttrykk eller sin sjanger

## BRUKARMANGFALD

3. Undersøk om det er noko vi kan gjere som senkar terskelen for å delta
4. Oppsøk og bli kjend med nye miljø og målgrupper for å få relevante innspel
5. Test jamleg tilbod, program og idear på relevante målgrupper

## INNHALDSMANGFALD

6. Språk og bilete skal vise at vi inkluderer og er mangfaldige
7. Referansar og døme skal vise at vi kjenner til mangfaldet som finst, både i no- og fortid
8. Jømfør gjerne med andre delar av verda, og hugs at ein då kan bruke døme frå heile verda

## ORGANISASJONSMANGFALD

9. Informer aktuelle miljø som kan auke mangfaldet i organisasjonen, om ledige stillingar
10. Nytt mangfaldet i organisasjonen til både administrative, kulturelle og akademiske prosjekt

## MINDRETALSMEDVIT

11. Hugs at vi er med på å definere kva ein nynorskbrukar er og gjer
12. Hugs at å vere nynorskbrukar også er å vere ulik, ha ulik bakgrunn og ulike preferansar



## hovden & vatne statsautoriserte revisorar as

Medlemmer i Den norske Revisorforening  
Autorisert rekneskapsførarselskap  
Org.nr. 987 832 916 MVA  
E-post: [firmapost@h-v.no](mailto:firmapost@h-v.no)  
[www.h-v.no](http://www.h-v.no)

Til styret i  
Stiftinga Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur

### Melding frå uavhengig revisor

#### Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Side 1 av 3

#### Konklusjon

Vi har revidert Stiftinga Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 1.566.336. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2021 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvissande bilde av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår.

#### Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon i årsrapporten som vert publisert saman med årsrekneskapen, årsmeldinga og revisjonsmeldinga. Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld

ØRSTA:	NORDFJORDEID:	STRYN:
Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00	Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16	Tonningsg. 42, 6783 Stryn Tlf.: 48 44 07 30



vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi ha rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

### **Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen**

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at han gir eit rettvissande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er utført med vilje.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil verte avvikla.

### **Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen**

Vårt mål er å oppnå forsvarleg sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misgjerdar, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Forsvarleg sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, alltid vil avdekkje vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misgjerdar eller feil som ikkje er utført med vilje. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan ventast å påverke økonomiske avgjerdar som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

For vidare beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:  
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

## **Uttale om andre lovmessige krav**

### **Konklusjon om årsmeldinga**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### **Konklusjon om registrering og dokumentasjon**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

### **Konklusjon om utdeling og forvaltning**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen, som skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har



hovden & vatne  
statsautoriserte revisorar as

funne naudsynte i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi stiftinga er forvalta og utdelingar utført i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektene elles.

Ørsta, 28.2.2022  
Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS

\_\_\_\_\_  
Dag Hopland (-sign.)  
statsautorisert revisor